

Saksgrunnlag til områdeutvala

Tittel på sak:	Oppdatering av felles retningsliner for elektroniske meldingsutveksling tilhøyrande tenesteavtale 3 og 5 somatikk
Dato	12.01.24.
Saksinnmeldar	Helse Bergen
Saksnummer	9/24

Bakgrunn

Tenesteavtale 3 og 5 for somatisk sektor vart i 2012 supplert med ei felles retningsline for elektronisk meldingsutveksling. Etter 2012 har både praksis og teknologiutviklinga gjort informasjonsutveksling og kommunikasjon mellom fagfolk og mellom nivå i helsetenesta betre og meir effektiv.

Innleggingsrapport som fyrste melding er et eksempel på en slik forbetring. Arbeidsgruppa for innleggingsrapport som fyrste melding var satt saman av ein kommunal representant frå kvart områdeutval, ein representant frå HDS og fem frå Helse Bergen. Gruppa var samd om at innhaldet i innleggingsrapporten ikkje ga sjukehusa eit godt bilde av pasienten sin habituelle tilstand og hjelpebehov, samt den aktuelle situasjonen som medførte innlegging. Gruppa vart difor samde om ein ny mal som skulle limes inn i fritekstfeltet i meldinga og innehalde informasjon om konkrete punkter som gruppa var samde om. (Sjå vedlegg)

I dagens retningsline, som skal leggest til grunn for opplæring og bidra til å sikre kvalitet i praksis, er ikkje denne meldingstypen inkludert.

Vurdering/drøfting

I Strategisk samarbeidsutval sitt møte 30. November 2023 vedtok ein at Tenesteavtale 3 og 5 (både for somatikk og psykiatri/rus) skal reviderast. Det er naturleg at felles retningsline for elektronisk meldingsutveksling må oppdaterast i tråd men revisjonen. Dette er eit arbeid som vil kunne ta tid.

I påvente av revisjonsarbeidet vurderer Helse Bergen det som hensiktsmessig at det vert sett ned ei hurtigarbeidande gruppe (1-3 møter) med ein kommunal representant frå kvart områdeutval og ein representant frå Haraldsplass og to frå Helse Bergen. Arbeidsgruppa skal vurdere og foreslå nødvendige endringar i retningslina (for somatisk sektor) som sikrar best mogleg pasientbehandling. Endringane som vert foreslått må ikkje avvike frå det som er regulert gjennom avtaleverket.

Strategisk samarbeidsutval har og avgjort at leiarar og nestleiarar for områdeutvala, saman med Sse, må ta ansvar for prinsipp og prosess for å sikre oppdaterte felles retningslinjer knytt til avtaleverket.(SSU sak 25/23). Revidert retningsline skal leggest fram for leiarar og nestleiarar i områdeutvala til endeleg godkjenning.



Forslag til vedtak

Områdeutvalet for Nordhordland støtter forslag til tilnærming i arbeidet med å oppdatere felles retningsline for elektronisk meldingsutveksling knytt til Tenesteavtale 3 og 5, somatikk.

Områdeutvalet for Nordhordland vil innan 15 februar melde inn ei kommunal representant til den hurtigarbeidande arbeidsgruppa.

